



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Christian Johan Alstad, 5557 2112
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
13.03.2018
Dykkar dato
07.03.2018

Vår referanse
2014/3794 421.3
Dykkar referanse

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Trekker motsegn til arealdelen til kommuneplanen 2016-2026

Fylkesmannen stadfestar at det ikkje lenger heftar statlege motsegner til planen, som hindrar eit kommunalt planvedtak. Vi legg til grunn at kommunen som planstyresmakt vurderer om krava til offentlegheit og medverknad for andre partar er godt ivaretekne.

Vi har merka oss og ser positivt på at kommunen har bestemt å starte ei rullering av planen.

Bakgrunn for saka

Vi viser til e-post av 07.03.2018 der Kvinnherad kommune ber om at Fylkesmannen trekker motsegna av 02.03.2017 til arealdelen til kommuneplanen 2016-2026, og til tidlegare møter.

Endeleg revidert planforslag er lagt ut på nettsida til kommunen:

<https://www.kvinnherad.kommune.no/arealdel-til-kommuneplan-for-kvinnherad-2018.6091269-127003.html>

Av statlege uttaler er det berre Fylkesmannen som har fremja motsegn. Fylkesmannen har i løpet av høyringsperioden motteke uttaler frå Statens vegvesen, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard og Fiskeridirektoratet region Vest. Vi viser til desse uttalane, som frå før er sende til kommunen.

Fylkesmannen si vurdering av kommuneplanen og attståande motsegns punkt

Fylkesmannen fremja ei generell motsegn mot planframlegget som vart lagt ut til offentleg ettersyn. Det var semje i dialogmøte av 17.02.2018 om at kommunen skulle arbeide vidare med mellom anna konsekvensutgreiing, ROS-analyse, akvakultur, arrondering og omfang av LNF-spreidd, byggegrense til sjø og vassdrag, gjennomgang av godkjente reguleringsplanar, og gjere ei ny vurdering av arealføremål og føresegner der særleg strandsonevern var eit sentralt tema. Kvinnherad kommune har arbeidd mykje med planen i tida etter det offentlege ettersynet, for å kome motsegna i møte.

Til siste møte 09.02.2018 sto det att tre hovudpunkt som Fylkesmannen hadde motsegn til:

- Fastsetting av byggegrense i gjeldande byggeområde
- LNF-spreidd i 100-metersbeltet til sjø
- Konsekvensutgreiing for utviding av akvakultturområde.

Fylkesmannen finn å kunne akseptere korleis planen no har vorte endra for desse konkrete emna. Byggegrense til sjø er konkret vurdert og fastsett i alle byggeområde i samsvar med intensjonane i plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8 og statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. For LNF-områda gjeld det generelle bygge- og deleforbodet i pbl. § 1-8 andre ledd. Akvakultturområda er meir omfattande vurdert for dagens aktivitet, og tek ikkje stilling til eventuelle framtidige utvidingar i biomasse. Vi har elles vorte samde med kommunen i at desse punkta også vil verte tema for neste rullering/revisjon av kommuneplanen, som allereie er vedtatt skal startast opp.

Avsluttande kommentar

Fylkesmannen er nøgd med at Kvinnherad som siste kommune i fylket, etter lang tids planlegging, har utarbeidd eit planframlegg som statlege instansar og kommunen kan einast om. Det har vore eit sær s omfattande planarbeid, med komplekse problemstillingar innanfor oppgåver og omsyn som skal vurderast i planlegginga etter lova.

Sjølv om regjeringa legg vekt på raske og effektive planprosessar, har det vore naudsynt for ein første generasjons kommuneplan å bruke tid for å få etablert eit konstruktivt samarbeid mellom fleire statlege myndigheiter, med ulike saksområde og interesser i planarbeidet. Dette er avgjerande då kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, jf. pbl. § 11-1 andre ledd.

Vi er for eigen del nøgde med den samordningsrolla som kommunen no har teke, jf. pbl. § 1-4, så langt det gjeld dei fagområda der Fylkesmannen har eit definert medverknadsansvar. Men endringane som er føretekte etter offentleg ettersyn er likevel såpass omfattande at vi på generelt grunnlag ber kommunen vurdere nøye om opplysnings- og medverknadsansvaret kommunen som planstyresmakt har, er tilstrekkeleg ivareteke også mot andre partar og ålmenta, jf. mellom anna pbl. § 1-9 siste ledd.

Regjeringa forventar elles at kommunane tek ansvar for at planar og avgjerder er baserte på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og at ein gjennom prosessen sikrar nasjonale og viktige regionale interesser. I den samanheng vil vi vil trekke fram at «ryddinga» i eldre planar og kommuneplanen sitt forhold til dei tidlegare godkjente planane til slutt vart løyst på ein førebiletleg måte, som vi vonar kan bli til nytte og inspirasjon òg for andre kommunar.

Pbl. § 11-15 stiller som kjent krav om at kommuneplanen skal kunngjerast og gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Kommuneplanen er utarbeidd og tilgjengeleg på Norkart sin kartportal www.kommunekart.com. Programvara til dette firmaet vert nytta av 85 % av kommunane i Noreg. Fylkesmannen har forståing for at eit papirkart ikkje vil kunne syne arealbruksføremål og omsynssoner på ein tenleg måte. Ein digital kartportal vil likevel endrast fortløpande ved arealbruksendringar i kommunen.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Fylkesmannen og fylkeskommunen skal etter pbl. § 11-15 andre ledd ha oversendt eit eksemplar av den vedtekne planen. For vår del ber vi difor om at vi får tilsendt alle plandokumenta, når planen er vedtatt, med SOSI-fil av plankartet.

Med helsing

Kjell Kvingedal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Direktoratet for Mineralforvaltning	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER